

På tur i Midt-Telemark

Informasjon om natur, kultur og friluftsliv

Kart i Google earth

- *Bøelva-Gvarvelva, Breisås, Bryggefjell, Folkestadåsane, Gygestolen, Høyslass-Bruskor, Lifjell og Skåråfjell.*
- *Sykkel og kajakk i Midt-Telemark*
- *Vinter: Gvarv – Bø – Lifjell-området på ski*
- *Alle turområda og all informasjon på eit einaste kart*

Framdrift

April

Vi gjør oss ferdig i denne omgang med å legg inn informasjon i «På tur i Midt-Telemark» frå Bø Turlag og andre lag. Dei som er med så langt er: Bø Fiskelag, Bø løypelag, Bø O-lag, Bø Museum, Bø Turlag, Fylkesmannen i Telemark, Gvarv Turlag, Klatregruppa i Bø, Lifjell Løypelag, Midt-Telemark kajakkklubb, (Notodden Turlag), Sykkelgruppa i Skarphedin og Øvre Bø brulag.

April – Oktober

Marknadsføring av *På tur i Midt-Telemark*.

Feltarbeid med fotografering og GPS registrering av unøyaktige punkt.

Oktober – vinter 2013

Vi vil fortsette å legge inn informasjon i systemet

Innhald

1. *På tur i Midt-Telemark*
2. *Kart på Google Earth*
3. *Rettleiing til bruk av karta våre i Google Earth*
4. *Meir effektiv bruk av Google Earth*
5. *Nyttige verktøy i Google Earth*
6. *Eksempel på eit informasjonsvindu i Google Earth*





Utsikt frå Høyslass mot Forberg, Liheia og Lifjell bak.

På tur i Midt-Telemark

Bø Turlag ønskjer å lage ein møteplass på Internett saman med andre lag og institusjonar innanfor natur, kultur og friluftsliv. Vi kallar møteplassen *På tur i Midt-Telemark*. Her kan vi vise fram aktiviteten til laga og få tilgang til meir informasjon på heimesidene deira. Eit stort og spanande tilbod som vi håper vil freiste folk til å ta seg ein tur ut i den flotte Telemarks-naturen.

Figuren under viser at ein Access-database organiserer informasjon frå lag og organisasjonar som deltek i *På tur i Midt-Telemark*. Saman med kartdata lagar vi ei rekkje ulike kart-presentasjonar i kartsystemet til Høgskulen (*ArcMap* frå *ESRI*). Da kan vi vise fram informasjon som er samla i kartet frå mange ulike stadar på Internett. I første omgang satsar vi på *Google Earth*. Til høgre ser du informasjonsvindauget som blir aktivert frå kartet i *Google Earth*. I dette eksempelet viser vi informasjon om *Store Trytetjønn* på *Folkestadåsane*. Under bildet av tjønna er det inngang til heimesider med meir informasjon og til video på *YouTube*.



Kart på Google Earth

Dette er ein oversikt over alle karta som er produsert av *På tur i Midt-Telemark* berekna på *Google Earth*. 9 kart representerer dei 9 tuområda til *Bø Turlag* og *Gvarv Turlag*. Eit kart representerer heile området (Gvarv – Bø – Lifjell) med all informasjon frå alle tuområda. Sykkkel, kajakkpadling og skiløyper finn du på egne tamakart.

Vi ønskjer at lag og institusjonar som deltek i prosjektet viser ein eller fleire av desse Internett-referansane på sine egne heimesider slik at informasjonen blir marknadsført breitt. Sjå oversikten under.

Er Google earth installert på din PC? Viss ikkje må programmet installerast. Last ned programmet og installer [Google earth](http://www.google.com/earth/). Pass på at versjonen av Google earth på din PC ikkje er flere år gammel.

Tuområdet Breisås

http://aktiv.hit.no/bo/turlag/tuomraader/Opplev_Bo/Breisas.kmz

Tuområdet Bryggefjell

http://aktiv.hit.no/bo/turlag/tuomraader/Opplev_Bo/Bryggefjell.kmz

Tuområdet Bøelva

http://aktiv.hit.no/bo/turlag/tuomraader/Opplev_Bo/Boelva.kmz

Tuområdet Gyrestolen

http://aktiv.hit.no/bo/turlag/tuomraader/Opplev_Bo/Gyrestolen.kmz

Tuområdet Folkestadåsane

http://aktiv.hit.no/bo/turlag/tuomraader/Opplev_Bo/Folkestadaasane.kmz

Tuområdet Høyslass – Bruskor

http://aktiv.hit.no/bo/turlag/tuomraader/Opplev_Bo/Hoyslass.kmz

Tuområdet Lifjell

http://aktiv.hit.no/bo/turlag/tuomraader/Opplev_Bo/Lifjell.kmz

Tuområdet Årnotdalen (Bukkelifjell - Røytebufjell)

http://aktiv.hit.no/bo/turlag/tuomraader/Opplev_Bo/Arnotdalen.kmz

Tuområdet Skåråfjell (med Maskat)

http://aktiv.hit.no/bo/turlag/tuomraader/Opplev_Bo/Skarafjell.kmz

Skiløyper og Lysløype

http://aktiv.hit.no/bo/turlag/tuomraader/Opplev_Bo/Skiloyper.kmz

Sykkkel og Kajak i Midt-Telemark (svært lite informasjon)

http://aktiv.hit.no/bo/turlag/tuomraader/Opplev_Bo/Sykkkel_kajakk.kmz

Kart for heile området frå Akkerhaugen/Gvarv til Bø og Lifjell (alle tuområda)

http://aktiv.hit.no/bo/turlag/tuomraader/Opplev_Bo/Bo.kmz



Dette bildet blir nytta på karta i Google der vi manglar eit aktuelt foto.

Dette dokumentet som du nå lesar finn du her:

http://aktiv.hit.no/bo/turlag/tuomraader/Opplev_Bo/Veiledning.pdf

Rettleiing til bruk av karta våre i Google earth

Når du for eksempel har klikka på kartet (linken) til *Folkestadåsane*, zoomar *Google Earth* automatisk inn til *Folkestadåsane* turområde. I ramma til venstre under overskrifta *Steder*, dukkar teiknforklaringa til *Folkestadåsane* opp i skjermbildet til *Google Earth*. (Sjå figur til høgre).

Legg merke til at du kan klikke på alle kartobjekta på kartet for å sjå informasjon om dei.

Når du vil sjå på dei ulike kartlaga til kartet, klikkar du på + merket til venstre for namnet til kartet. I eksempelet i figuren til høgre nyttar vi *Folkestadåsane*. Alle dei 8 turområda i tillegg til kulturminnefeltet *Håsåsudhåttan* blir vist med 4 kartlag: 1) Parkeringsplass, 2) Opplevingar knytt til punkt på kartet 3) Merka og umerka tursti og lysløype. 4) *Bø O-lag* har eige kartlag. Ved å klikke på dei små grønne hakane, kan du slå kartlaga av og på.





Kartet som viser heile området med alle turområda, har mange fleire kartlag. Kartlaget *Opplevingar* er splitta opp i dei enkelte lag/institusjonar som deltek i *På tur i Midt-Telemark*. I eksempelet til høgre ser du førebels tre kartlag: *Bø Fiskelag*, *Bø Turlag* og *Bø O-lag*. Turstiane er delt i to lag: *Merka sti* og *Sti*. I tillegg kjem *Lysløype*, *sykkeltrase* og *padlerute*.

Kartlaga kan du slå av og på. Dette er lurt sidan det er alt for mykje informasjon for samla visning på skjermen. Nå er det enkelt å finne ut kva slags informasjon dei enkelte laga bidreg med.

Når du avsluttar *Google Earth* (lukker vindauget), bør du ikkje lagre slik dette skjermbildet foreslår – men trykk alltid på Forkast.


Vi tenkjer oss at du gløymte å trykke på knappen *Forkast* i figuren over. Under *Steder* finn du derfor det gamle kartet som du lagra sist du gjekk ut av *Google Earth*, nemleg det øvste kartet «*Bø kommune*».

Men du kan enkelt slette overflødige kart ved å klikke ein gong på det uønska kartet (i eksempelet: *Bø kommune*) og velje *Slett* i *Rediger*-menyen, som er vist heilt øvst til venstre i *Google Earth* skjermbildet. (Sjå figur over til høgre)



Meir effektiv bruk av Google Earth

Vi ønsker å overdrive opplevinga av høgdeforholda i karta og få mest mogleg detaljar ut av bakgrunnsbildet i *Google Earth*. Dette gjer du ved å gå inn på menyval: *Verktøy* | *Alternativer* og sett *Terrengkvalitet* til max verdi og *Elevasjonsoverdrivelse* til 2 eller 1.5 slik figuren under viser.





Nyttige verktøy i Google Earth


Når du flyttar musa heilt til høgre i skjermbildet til *Google Earth*, finn du verktøyet som er avbilda til høgre. Dette kan du nytte for å flytte deg rundt i landskapet.

Men det er mykje meir elegant å nytte musa. Kartet Gygre stolen er eksempel:

1. Du peiker på ein plass i bildet som skal bli rotasjonspunkt. Da held du «*Shift-tasten*» på tastaturet nede. Slepp han ikkje! Når du så trykkjer ned venstre tast på musa, ser du rotasjonspunktet som ein lys sirkel (Sjå brun pil).
2. **Hald fram med å halde Shift-tasten og venstre musetast nede heile tida!**
3. Når du flyttar musa vertikalt nedover skjermen, løftar landskapet seg. Sjå bildet heilt til høgre. Flyttar du musa vertikalt oppover, ser du etter kvart beint ned.



4. Flyttar du musa horisontalt, «flyr» du rundt rotasjonspunktet. Sjå bildet over. Her ser du Gygre stolen frå motsett side som bildet oppe til høgre.
5. Trillar du på hjulet på musa, zoomar du ut eller inn. Da må du sleppe *Shift-tasten* først. Til høgre har du zooma ut.
6. Ver ikkje redd for å eksperimentere. Du kan heile tida koma tilbake til start viss du dobbeltklikkar på Gygre stolen i teikneforklaringa til venstre i skjermbildet til Google.



Eksempel på eit informasjonsvindu på Google Earth

Du har klikka på kartet i Google innenfor markeringen av O-kartet Myrvoll og får tilgang til informasjon frå Bø O-lag.

